

## Prestasjonsjag og psykisk helse i skulen

**I to store intervju** i Kvinnheringen og Grenda seier Høgre sin ordførarkandidat at skule og barnehage er blant partiet sine viktigaste saker i årets valkamp, og det er veldig bra. Miljøpartiet Dei Grøne er samd i det aller meste Peder Sjø Slettebø seier, og vi vil støtta aktivt opp under ei satsing på skule og barnehage. Det same gjeld kampen mot mobbing. Barn og unge representerer framtida, og difor er ein trygg og god skulegang og oppvekst noko av det aller viktigaste vi kan bruka våre ressursar på.

**I likskap med** Høgre er Miljøpartiet dei Grøne slett ikkje nøgd med resultatane som skuleelevane i Kvinnherad oppnår. Ei av utfordringane i dag er at skulen vert pålagt stadig fleire instruksar frå det offentlege slik at lærarane må nytta for mykje av tida si på rapportering og utfylling av skjema med meir. Vi vil la den einskilde lærar få lov til å vera lærar og gjera det vedkomande kan best, nemleg gi undervisning med høg kvalitet og vera gode rollemodellar for elevane. Samtidig er det ikkje berre elevane som skal evaluerast gjennom prøvar og testing, det må også utarbeidast høvelege verktøy for å kunna evaluera innsatsen til lærarane og skuleleiinga.

**Miljøpartiet Dei Grøne** vil vidare ha langt meir fokus på førebygging av psykisk helse, og her er både skule og barnehage viktig. Psykiske helseproblem og lidingar vil i følgje WHO utgjera dei største samfunnsøkonomiske kostnadane i åra som kjem. Det er fleire årsaker til dette, men stress på arbeidsplassen og eit stadig større prestasjonsjag i skulen er blant dei aller viktigaste. Det er skuffande at Høgre sin ordførarkandidat ikkje seier noko som helst om prestasjonsjaget og psykisk helse i skulen, sidan dette har stor innverknad på læringa og dei resultatane elevane oppnår.

**I følgje** Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) er heile 25% unge jenter deprimerte. Prosentdelen er noko lågare for gutar. Hyppige prøvar og testar på skulen vert trekt fram som ei viktig årsak til at mange unge slit. I ein artikkel i Aftenposten uttrykte ei jente det slik: *«Følelsen av ikke å strekke til i livet er kanskje ikke ny. Men krava vi som er unge nå møtes med og stiller til oss selv, føles umulige å leve opp til».*

**Når vi ser** at prestasjonsjaget i skulen gjer barn og ungdom sjuke, er det på tide å ropa varsko. Dette går ikkje berre ut over læringa, nei, det fører også diverre til at mange droppar ut av skulen. Miljøpartiet Dei Grøne er skuffa over at andre politiske parti ikkje viser handlekraft og tar tak i dette. Vi ønskjer ei betre skulehelseteneste med langt meir fokus på psykisk helse, fleire utetimar og meir vektlegging på praktiske fag framfor å ha all fokus på prøvar og testing. Vi trur dette er betre for både kropp og sjel enn alle krav om måloppnåing som vert stilt til elevane i dagens skule.

**Førebygging** står svært sentralt i arbeidet med psykisk helse. Det er mykje sant i uttrykket «Det er lettare å skapa sterke barn enn å reparera vaksne». Kvalitet i barnehagane og skulane er viktig for barn og unge si psykiske helse. Kvalifiserte vaksne er viktig, men det er også avgjerande å ha nok tilsette. I dag kan det gå veker før det vert sett inn vikar, noko som svekkar trivselen, aukar stressnivået og gir meir sjukdom både på kort og på lang sikt.

Knut Førland og Matthias W. Zimmermann,  
Listekandidatar  
Miljøpartiet Dei Grøne